



Høyringsuttale endringar i konsesjonskraft prissettinga

Fyresdal kommune

Fyresdal kommune viser til Energidepartementet sitt høyringsbrev 23. januar 2026 om forslag til endringar i reglane for konsesjonskraftpris, med høyringsfrist 24. april 2026.

Kommunen registrerer at departementet mellom anna foreslår å slå saman prisregima for konsesjonar før og etter 10. april 1959 til ei felles prisføresegn, og å endre grunnlaget for gjennomsnittleg sjølvkost slik at dette ikkje lenger skal byggje på eit representativt utval kraftverk, men omfatte alle vasskraftverk som pliktar å avstå konsesjonskraft.

Fyresdal kommune meiner konsesjonskraftordninga er ein sentral del av samfunnskontrakten mellom storsamfunnet, kraftprodusentane og vertskommunane. Ordninga har både økonomisk betydning og stor verdi for lokal aksept for vidare utvikling av vasskraftressursane.

Kommunen støttar målet om forenkling av regelverket gjennom samanslåing av prisregima. Ei felles prisføresegn kan gi eit meir oversiktleg og føreseieleg system.

Samtidig meiner Fyresdal kommune at konsesjonskraftprisen framleis må byggje på eit reelt sjølvkostprinsipp. Det er avgjerande at konsesjonskrafta også framover representerer ein faktisk verdi for vertskommunane, og at ordninga ikkje blir uthola gjennom ein pris som i for stor grad nærmar seg eller overstig marknadsnivået over tid.

Fyresdal kommune støttar derfor ikkje forslag som inneber at gjennomsnittleg sjølvkost skal bereknast på grunnlag av alle kraftverk som pliktar å avstå konsesjonskraft, dersom dette medfører auka pris utan tilsvarende auke i konsesjonskraftvolumet til kommunane. Etter kommunen sitt syn vil dette kunne svekkje formålet med ordninga.

Kommunen meiner vidare at investeringar og kostnader som i hovudsak er knytte til effektauke eller andre tiltak som ikkje gir kommunane tilsvarende meir konsesjonskraft, ikkje utan vidare bør velte over på kommunane gjennom prisgrunnlaget. Dersom slike investeringar blir tekne inn i berekningsgrunnlaget, kan det føre til at kommunane i realiteten betaler meir for ei ordning utan å få ein tilsvarende auke i ytinga frå ordninga.

Fyresdal kommune meiner også at eventuelle endringar i berekningsmodell for ED-prisen må utgreiast grundigare før dei blir gjennomførte. Konsekvensane for kommunane må synleggjerast betre, og datagrunnlaget og berekningsmåten må vere tilstrekkeleg open og etterprøvbar.

Fyresdal kommune vil særleg peike på følgjande

- 1.** Kommunen støttar samanslåing av prisregima for konsesjonskraft før og etter 10. april 1959.
- 2.** Konsesjonskraftprisen må framleis vere forankra i eit reelt sjølvkostprinsipp.
- 3.** Forslag som kan føre til vesentleg høgare konsesjonskraftpris utan tilsvarande auke i konsesjonskraftvolum for kommunane, bør ikkje gjennomførast.
- 4.** Endringar i berekningsgrunnlag og berekningsmodell for ED-prisen må utgreiast nærare og sendast på eiga høyring før eventuell iverksetjing.
- 5.** Regelverket må utformast slik at konsesjonskraftordninga framleis gir vertskommunane ein reell økonomisk fordel og bidreg til lokal legitimitet for framtidige kraftprosjekt.

Med helsing
Fyresdal kommune

Erik Skjervagen
Ordførar